



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 2c83631e-3a7d-4b4f-aa1d-
0d6d1c509eea

Vår: 22/8551 - 23/532

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

03.01.2023

Høyringsuttale forvaltning veg - ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Lonena aust, gbnr. 185/278 mfl. PlanID 46312021003

Alver kommune avdelings vegforvaltning har følgjande kommentar:

Plankart, planskildring og føresegner:

Slik plankartet er teikna med offentleg veg inn dei fyrste metrane mot f_KV2 er svært uheldig. f_KV2 må trekkast heilt ut i krysset ved o_KV1 og o_FO5 må endrast til f_FO5.

Slik skillet mellom f_KV2 og o_KV1 er i plankartet, er det ikkje mogleg å snu der f_KV2 møter o_KV1 og o_FO5. I forhold til vinterdrift er dette og problematisk då ein må avslutte vintervedlikehaldet midt i ein veg utan høve til å snu. Større bilar i samband med offentleg vedlikehald må rygge ut i hovudvegen som samlar eksisterande og nytt felt.

Det står i planskildringa at det er lagt opp til og sikra at lastebil, kategori L, kan snu i kryssa f_KV2/f_V2 og f_V1/f_V2 og f_PP2. Å legge opp til at snuareal skal vere ein parkeringsplass er litt uheldig, står det bilar der er ikkje det mogleg.

Det er ikkje lagt til rette for snuplass i enden av fellesvegane med grunngeving at det er svært skjeldan større bilar skal inn desse vegane. Men, det er og behov for drift av fellesvegar og det er svært uheldig at for eksempel brøytemannskap må rygge heilt tilbake til nærmaste kryss for å snu. Dette kan fort skape farlege situasjonar.

Arealet mellom byggegrense mot veg og førtau bør regulerast AVG eller det må leggest inn eit areal for AVG langs fellesvegane i feltet. Dette for å sikre areal til grøfter for overvatn og snøopplag som det og er behov for langs private fellesvegar.

Det må sikrast eit system for å handtere oveflatevatn frå veg og fortau, slik at det ikkje vert ført meir vatn inn på kommunal veg.

Føresegnene bør få inn at før bruksløyve/ferdigattest skal nye og endra offentlege vegareal vere godkjent av Alver kommune og sluttdokumentasjon i samsvar med teknisk vegnorm for Alver kommune skal ligge føre.

Plan og profil:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

C102 – veg 1 har fall mot kommunal veg ved snuplass. I følgje normalane skal det vere fall frå offentleg veg inn på private vegar. I forhold til terreng kan det vere ei utfordring her. For å sikre avrenning i store mengder mot offentleg veg må overflatevatn frå veg handterast på ein god måte.

C104/C105 - Overflatevatn frå veg 3 og veg 4 må sikrast handtert på ein god måte slik at det ikkje får for stor avrenning og oppsamling i krysset mellom Veg 2 og Veg 3.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG